

OMFATTANDE ANALYSE AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR ADMINISTRASJON AV NETTBASERT LÆRING (LMSs)

Vennligst fyll ut tabellen under:

Namn på institusjonen:	Dronning Mauds Minne
LMS i denne undersøkelse:	mwForum (freeware)
Språkdrakt til dette LMS:	Tysk eller engelsk
Antall år i bruk:	starta i august i år.
Andre LMS i bruk	Eigne nettsider
Antall studenter ved institusjonen:	800
Antall kurstilbud ved institusjonen:	Uråd å sei, veldig mange 3 årig grunnutdanning 16 fag med eksamen
Mest vanleg varigheit for kurs:	Frå 1 til 3 år.
Antall faglærere ved institusjonen:	62 vitenskaplege stillinger, men neppe så mange årsverk. Ca. 50

Denne analysen er inndelt i seks deler:

- 1 Verktøy for utvikling av kurs
- 2 Verktøy for støtte for studenter
- 3 Verktøy for støtte for faglærere
- 4 Administrasjon (student database)
- 5 Teknologi (kvalitet og software)
- 6 Pris

1 Verktøy for utvikling av kurs

1.1 Utvikling av kurs.

Kor tilfredsstillande har dette LMS vore med tanke på å lage kurs ?

Det er ulik grad av nettstøtte i dei ulike fag (kurs). Det er ikkje lett å ha nettbasert undervisning i drama, for eksempel. Litt enklare i innan forming. Dei estetiske fag har ca. 20 % av samla vektall for studiet. For dei meir teoretiske fagene er den nettbasert støtten for utdanninga 40%.

Ein klasse på 50 studenter har starta på den nettbaserte førskulelærerutdanninga i haust. Det er eit 4-årig løp. Det som vanlegvis tek 3 år er forlenget til 4 å.

Hovedtyngden av den nettbaserte delen av denne førskulelærerutdanninga skjer i diskusjonsforum. Diskusjonsforum brukast mykje.

Programmet mwForum er webbasert. Programmet aksesserast via ei lenke frå høgskolens nettside.

1.2 Struktur og pedagogisk fleksibilitet – åpenheit

Tillet LMS pedagogisk fleksibilitet ved produksjon av kursmateriell ?

Er strukturen åpen for forskjellige pedagogiske muligheiter ?

Vi produserer ikkje kursmateriell via nettet. Studentane er her på campus nokre gonger i løpet av eit år, 3 veker om hausten og 4 veker om våren. Dei brukar vanlege lærebøker. Forum brukast til å gje studentane løpande informasjon og til diskusjonar innad i studentgruppene i forbindelese med gruppeoppgåver.

Det er varierende i kor stor grad studentane brukar Forum.

Mange av studentane har muligheit til å møtast, fordi dei ikkje bur så veldig langt ifrå kvarandre. Andre er i større grad avhengige av nettet for å kommunisera.

Generelt bruker vi Forum til det det er eigna til. Er det ikkje eigna, brukar vi andre kanalar.

1.3 Brukarheit for faglærere.

Kor lett er dette LMS å bruke for lærere og kursutviklere ?

Vi har erfart at dei aller fleste meistrar dette tilfredsstillande i løpet av 3 månader. Det gjeld særleg studentane. Men det er varierende aktivitet blant dei ulike gruppene.

Dei som brukar det mest, er dei som bur spreidd. Den gruppa som brukar det mest, er iallefall mykje spreidd geografisk. Men det er også ei anna gruppe som bur spreidd som brukar det lite.

Lærarane brukar Forum i varierende grad. Liten bruk har nok med lærervegning å gjera.

Forum brukast også til fagleg diskusjon innanfor kvart emne. Vi har eit forum for kvart fag. Gruppene har lukka forum, og kan bestemme om andre skal få adgang til det.

Eg er forbausa på kor lite negative tilbakemeldingar vi har fått på at Forum har engelske ledetekster.

Forum er levert av eit tysk firma. Engelsk og tysk er språket som kan velgjast ved installasjon av programvaren.

Forum har det som vi reknar som tilstrekkelege funksjonar, det er ikkje så mykje fancy funksjonar, men nøkternt og fungerer greit, synest vi.

1.4 Støtte for grafikk, lyd og video.

Gir dette LMS støtte for bruk av grafisk undervisningsmateriell, levende bilder, lyd og video i kursinnholdet ?

Nei.

1.5 Studentspørsmål, vurderinger og studentoppgåver.

Kva for støtte tilbyr LMS for spørsmål frå studentar og vurdering av studentoppgåver ?

Studentane kan laste opp filer. Dei kan legge opplasta filer som vedlegg til sine diskusjonsinnlegg i Forum. Slik sett kan ein laste opp lydfile og bildefiler også.

Forum har innebygd teksteditor. Denne editoren gir ingen mulighet for formatering. Wordfiler kan leggest ved som vedlegg til diskusjonsinnlegg.

Vi har erfart at Forum har låg brukerterskel. Vi frykta at det skulle bli mykje vanskelegare å bruke enn det har vist seg å bli.

Vi avsatte 1 veke heilt i starten på kurset i haust der studentane trena på bruken av dei elektroniske systemene. Det har nok gjort sitt til at det har gått så greit.

Høgskulen krev at studentane har tilgang til PC heime eller på arbeidsplassen. Likevel har vi erfart at mange av studentane hadde eit veldig lågt ferdigheitsnivå i datateknologi. Gjennomsnittsalderen er 35 år (Den eldste er 50 og den yngste er 20), og studentmassen på førskulelærarutdanninga er sterkt kvinnedominert.

2 Verktøy for støtte for studenter

2.1 Muligheiter for interaktiv kommunikasjon

Kva for muligheiter tilbyr LMS studentane av interaktiv læring/kommunikasjon ?

Forum har ikkje chatfunksjon.

Nokre av studentane bruker å avtale når dei skal vera på Forum. Dermed blir det semiinteraktivt, og det opplevest ikkje som nokon stor forskjell mellom asynkron og synkron kommunikasjon. Fordelen med asynkron kommunikasjon er at diskusjonsinnleggene blir lagra.

2.2 Nettbasert student-til-student-kommunikasjon (synkron og asynkron)

Kva for fasiliteter tilbyr LMS studenten når det gjeld kommunikasjon med andre studentar, og kor godt har dette fungert ?

Forum tilbyr grupperom

Gir LMS støtte både synkron og asynkron kommunikasjon mellom studentar ?

Forum tilbyr kun asynkron kommunikasjon. Sjå for øvrig pkt. 2.1.

2.3 Nettbasert student-til-faglærer-kommunikasjon (synkron og asynkron).

Kva for fasilitetar tilbyr LMS for studentens kommunikasjon med faglærer, og kor godt har dette fungert ?

Forum tilbyr grupperom. Vi synest det har fungert variabelt. Det heng på lærarane, ikkje på Forum som program.

Støttar LMS denne kommunikasjonen både synkront og asynkront ?

Nei, kun asynkront.

Har studenten tilgjengeleg support når det gjeld faglege, tekniske og administrative tjenester 24 timar i døgnet ?

Studentane har ikkje support 24. timar i døgnet. Men nesten. Dei kan ringe meg. Dei ringte ein del i startfasen av kurset i haust, no går det betre, og det er i praksis ikkje stort behov for support.

2.4 Ressurser, bibliotek og litteraturhenvisninger.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS til studenten når det gjeld anskaffelse av ressurser som er nødvendige for kurset, spesielt bibliotek ressurser og referanser til nødvendig litteratur ?

På nettsiden har vi lagt ut mange relevante tekster for studiet. Og i noko grad er det lagt ut lenker til andre artikler.

Vi har ikkje gjort nokon erfaringer med dette enno. Dokumentene er lagt ut åpent.

Enno er det lite undervisningsmateriell som leggest ut. Dette i motsetning til Massachusetts Institute of Technology i USA der høgskulen har lagt ut

alt av forelesninger åpent. (Poenget her var mer det at MIT ikkje la passordbegrensinger på det de legger ut av forelesninger. Om de legger ut ALT, aner eg ikkje.)

Førskulelærerutdanninga er i liten grad basert på forelesningar. Det er seminarformen som råder her. Undervisning foregår mykje som dialog med studentane. Ein baserer seg på at studentane finn informasjonen i lærebøkene. Undervisninga blir brukt til bearbeiding av det som står i lærebøkene.

2.5 Tilbakemelding på studentarbeid og oppgåver.

Korleis er kvaliteten på dei muligheter for tilbakemelding som LMS tilbyr studenten på arbeidet dei har gjort og oppgåver som er levert ?

Hvordan får studentene tilbakemelding på sine oppgavebesvarelser og hvordan støtter LMSet e eventuelt opp om dette?

Oppgåvelevering skjer ikkje ved hjelp av Forum. Det skjer ved tradisjonell epost. Då når studenten faglærer direkte, og kun han. Faglærer gir tilbakemelding direkte til vedkommande student.

I den grad ting skal diskuteras, er det naturleg å bruke Forum som diskusjonskanal og legge det ut på eit felles diskusjonsforum.

Gjeld leveringa eit gruppearbeid, er det naturleg å legge det inn på gruppeområdet til den aktuelle gruppa. Lærer har ikkje adgang til grupperommene, men må inviterest av studentene. Innanfor rommet er prinsippet for aksess alt eller ingenting. Hittil har ikkje studentane benytta seg av muligheiten til å invitere faglærer inn på gruppeområdet.

3 Verktøy for støtte for faglærere

3.1 Oppfølging av studenter – spørring mot studentdatabasen.

Kor brukervennleg er LMS for faglærerne som ønsker å følge opp deira studentgruppe(r) og hente data frå studentdatabasen ?

Høgskulen har ein studieadministrativ database som ikkje er knytt til noko av den programvaren som studentar eller lærarar på den IKT-støtta utdanninga nytter. Vi har ikkje brukt MSTAS eller FS, som mange andre..

I tillegg har vi ein annan database. Også den er utanfor Forum. Den inneheld bilde av alle studentene. I tillegg kan studentane få fram namn og adresse. Akkurat det med bilde opplevest som viktig for studentane. MySQL er språket. Laga i PHP-script. Eit heimesnekra produkt. Ikkje så stor. Men vi er berre 50 studentar på den nettbaserte førskulelærerutdanninga. Vi laga den tidleg i høst. Nokre få av lærerne har adgang til å redigere i databasen.

3.2 Verktøy for veiledning og administrasjon av studentgrupper.

Kva for fasilitetar tilbyr LMS til faglæreren når det gjeld ledelse og administrasjon av deira studentgruppe(r) ?

Ingenting.

3.3 Forberedelse av spørsmål og oppgaver av veilederen.

Kor suksessfull er LMS når det gjeld å tilby faglæreren brukarvennlege og pedagogisk læreriktige verktøy i arbeidet med å lage spørsmål og oppgaver til studentane ?

Ingen slike funksjoner.

3.4 Kursplanlegging for studentar (følge med i studentenes framgang).

Kva for verktøy/hjelpemidler tilbyr LMS til faglærerne for å sette dei i stand til å følge med i (overvåke) og hjelpe studentene med planlegging og råd i studieprogresjonen.

Ingen slik funksjon.

3.5 Brukervennlege administrative systemer mellom faglærern og læreinstitusjonen.

Kva tilbyr LMS for å gjere kommunikasjonen mellom faglærer og læreinstitusjon vellykka ?

Ingen slik funksjon.

4 Administrasjon (student database)

4.1 Påmeldingsprosedyrer og betaling av studeiavgift

Kva for fasilitetar tilbyr LMS når det gjeld påmelding av studenter, kursallokeringer og betaling av studieavgifter ?

Ingen integrasjon.

Det har vore snakka om som ein ide, men foreløpig ikkje meir enn det.

4.2 Passord og sikkerheit.

Kor vellykka håndterer LMS student aksess til systemet og sikkerheiten rundt studentenes interaksjon med systemet ?

Forum har passord og brukernamn. Elles ville ein ikkje kunna ha lukka virtuelle rom. Det fungerer greit.

4.3 Student arkiv database.

Kor vellykka er systemets studentdatabase, spesielt med hensyn til lagring og gjenfinning av data ?

Forum har ingen database.

4.4 Eksamens- og sertifiseringsarkiv.

Kva tilbyr LMS når det gjeld innskriving av data og karakterer som angår eksamener og sertifiseringer ?

Ikkje i Forum.

4.5 Databaser for kurs, klasser og faglærere.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld administrasjon av kurs, klasser og faglærarane ?

Ikkje i Forum.

5 Teknologi (kvalitet og software)

5.1 Serverne - hardware og software valgmuligheiter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på serverne ?

Kva for valgmuligheiter har man når det gjeld software ?

Korleis er LMS integrert med den øvrige software ?

Vi brukar Linux som OS. Linux er merkverdig stabil. Vi har lite problemer. Forum kan også køyra på andre plattformer enn Linux. MySQL ligg i botn av Forum. MySQL er freeware.

5.2 Klientene - hardware og software valgmuligheiter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på klientmaskinene ?

Vi kjenner ikkje til kva for PC'er studentane har heime. Studentenes PC'er på høgskolen er nokre år gamle. Vi kunne ønska større antall og raskare maskiner. Vi har to datasaler med 20 maskiner i kvar. Det er 800 studenter på høgskulen. 800 studentar på 40 datamaskiner gir ein dekning på 5 %. Det er altfor lite. Studentane sit i liten grad på høgskolen utover kvelden.

5.3 Fleksibilitet i pedagogisk struktur; oppdatering og tilpasningsevne.

Er den pedagogiske strukturen fleksibel, eller er den bestemt av teknologien ?

Kva for tilpasningsevne har teknologien med hensyn til oppdateringer og ny teknologi som blir tilgjengeleg på markedet ?

Fordi vi er i stand til å utvikle programvare sjølv, er vi i stand til å sy teknologien etter pedagogikken. Vi er ikkje prisgitt

programvareleverandørene i einkvar sammenheng. Det opplevest som ein fordel og gir fleksibilitet.

Forum kjem ikkje til å vare så lenge. Men eit kommersielt standardprogram er neppe alternativet for oss. Forum kjem monaleg til å bli avløyst av eit nytt, eigenutvikla program. Dette er meir tilpassa våre behov enn Forum. Høgskulen har kompetansen til å gjere det internt. Begrensninger i størrelse (antall studenter, kurs, veiledere..).

Kor vellykka håndterer LMS ulike størrelser på antall studenter, kurs og faglærere ?

Korleis taklar LMS 100, 1000 eller 10000 studentar og store kursdatabaser ?

Vi har kun 50 på den nettbaserte, 4-årige førskulelærerutdanninga. Det er normalt eit 3-årig studium som vi no trekker ut til 4 år.

Forum taklar store antall brukere, så vidt vi veit. Andre høgskular brukar eitt forum til alt. Lagar ikkje mange forum.

5.4 Systemet hastighet.

Korleis er hastigheiten til LMS og studentenes tilfredsstillelse med den ?

Kor raskt maktar systemet nedlasting av kurs og læremateriell som krev stor båndbreidde ?

Maskinene er ikkje flaskehalsen, båndbreidden er. Vi har for liten båndbreidde inn hit. Spesielt merkbart på dagtid, når trafikken er stor. Vi er tilknytta Uninett, men det er like fullt for dårleg båndbreidde.

6 Pris

6.1 Kostnadene ved LMS (Learning Management System).

Kva er kostnadene med dette LMS for institusjonen ?

Null.

6.2 Årleg avgift.

Kva for årlege avgifter må betalast av institusjonen for systemet ?

Ingen

6.3 Avgifter ved studentpåmelding (100, 1000 eller 10000 studentar).

Korleis varierer avgifter ved å bruke av dette LMS alt etter om studentmassen er på 100, 1000 eller 10000 studentar ?

Er online fakturering mulig ?

Ingen.

6.4 Vedlikeholdskostnader: Staben involvert i ledelse, IT-spesialistar , opplæringspersonell etc.

Kva for vedlikeholdskostnader har institusjonen med dette LMS og kva for personell ressurser er nødvendige for å vedlikeholde det ?

Vår plattform er vedlikeholdsfri. Diskusjonsrommene åpnet i starten av kvart kurs. Estimert til 1 veker arbeid (30-40 timar) for eit 4-årig studium.

6.5 Opplæringskostnader. Opplæring av faglærere, stabspersonell og studenter i bruken av systemet.

Kva er kostnadene med å lære opp stabspersonell og studenter i å bruke dette LMS ?

1 faglærer hadde arbeid i ei veke med dette.

Konklusjon: Generell evaluering:

Forum er så enkelt .

Forum er svært driftsikkert, har ikkje hatt behov for support på det nokon gong.

Forum kan vera litt tungvint på administrative rutiner, for administrator.

Fordi vi er i stand til å utvikle programvare sjølv, er vi i stand til å sy teknologien etter pedagogikken. Vi er ikkje prisgitt programvareleverandøren i einkvar sammenheng. Det opplevest som ein fordel og gir fleksibilitet.

Forum kjem ikkje til å vare så lenge. Men eit kommersielt standardprogram er ikkje alternativet for oss. Forum kjem til å bli avløyst av eit nytt, eigenutvikla program.

Eg har brukt Classfronter ein del i haust, og har opplevde det programmet som mindre brukervennleg enn dette. Fordi Classfronter gir så mange muligheter og dermed bir det lett for komplisert. Eg reknar meg ikkje for nokon nybegynner, har drive med data i mange år og programmert i 15 år.

Når eg åpner eit worddokument i Classfronter frå IE, starter den word inni Classfronter. Eg ville heller tatt dokumentet inn i det wordprogrammet eg allereide har installert på min PC, fordi det er eit spesialtilpassa Word for meg, med forskjellige knappar og eigenlaga opsjonar. Når eg åpner eit worddokument i Classfronter frå Netscape, åpner den det i mitt eigeninnstilte Wordprogram.

Vi har kurs som går over mange år. Andre studenter har hatt nytte av å endre gruppesammensetningen etter ei viss tid. Det kan ein lett gjere med Forum. Å sette sammen grupper som bor langt ifrå kvarandre er gunstig. Då tvingar ein studentane til å bruka verktøyet meir aktivt.

Mange studenter opplever nettkommunikasjon som langsam. Dei råkar bort i misforståelser fordi den elektroniske kommunikasjonen manglar kroppsspråk. Studentane brukar difor lang tid på å oppklare ting ein elles ville oppklara raskt. Det dei då må gjera er å ta ein telefon for å oppklare ein del knuter på tråden. Dei må ha ein diskusjon om diskusjonen. Truleg er dette noko som går seg til.

Kva for eigenskapar ville du likt å sett inkludert i dette LMS i framtida ?

Det kunne kanskje vore kjekt med chat. Men chat finnest mange andre stader på nettet.

Takk for at du har vore behjelpelig med å svare på spørsmåla !